

## Våre listekandidatar til kommunestyrevalet i 2023

### 1. Tom Christian Nygard (36) Ordførarkandidat

Er busett i Voldssund og er fartøyleiar i Frøy Akvaservice AS.



Eg vil gje all mogeleg drahjelph for at vi skal vidareutvikle eit yrande og mangfaldig næringsliv, slik at vi kan skape sikre arbeidsplassar!

### 2. Leif Arne Sandvik (53)

Er busett på Moltu og jobbar innan oljeserviceindustrien.

Eg vil jobbe for å oppretthalde og forbetere tilboda i alle bygdene i kommunen vår. Eg vil også jobbe for at kommunen sin førsteprioritet skal vere å sikre primærtilboda til alle innbyggjarane i kommunen.

### 3. Stine Brekke Frantsen (41)

Er busett på Eggessønnes og jobbar som miljøterapeut i psykisk helse- og rustenesta.



Eg ønsker å jobbe for å skape eit betre helsetilbod i psykiatri- og rusomsorga. Og spesielt å nytte fysisk aktivitet som eit førebyggande tiltak.

### 4. Kjell-Børre Petersen (47)

Er busett på Nærøya. Han er fiskar på eigen sjark og trivst godt med det.

Fanesaka min er sikkerheit for dei som har sin arbeidsplass på havet, og eg vil jobbe for at vi får bygd Stad skipstunnel.

### 5. Jetmund Runde (37)

Er busett på Eggessønnes og jobbar som seniorrådgivar i Losdirektørens stab, Kystverket.



Eg brenn for å betre rammevilkår for næringslivet og vil dessutan jobbe for at Herøy skal vere ein attraktiv kommune å både bu og arbeide i.

### 6. Bent Erik Skogli Kopperstad (45)

Er busett på Nerlandsøy. Han er overstyrmann i rearlaget Remøy Shipping.

Mi hjartesak er at det skal ikkje koste meir å bu i Herøy enn i kommunar ein kan samanlikne seg med. Kommunale avgifter skal vere til sjølvkost, og vår kommune skal ikkje bidra til å utarme innbyggjarane.



### 7. Gjert-Monar Ynnesdal (50)

Er busett i Voldssund og jobbar på borerigg på norsk sokkel.



Å jobbe for betre rammevilkår for industrien og primær-næringerne våre er ei av mine viktige saker. Likeins er det viktig å arbeide for eit lokalt og godt helsetilbod.



### 8. Bjørn Ove Endresen (59)

Er busett på Frøystad og jobbar som skipsmeklar.

Formueskatt på arbeidande kapital er svært uheldig for bedriftar i Herøy og elles langs kysten. INP og eg vil jobbe hardt for å få til endringar når det gjeld denne straffeskatten.



### 9. Henning Flusund (56)

Er busett i Leinebygda. Han er kaptein på trålaren Remøy.

Eg vil gå inn for at det vert bygd ein ny omsorgsheim på ein stad der beburane vil få god utsikt til skipsleia, fjella og havet. Bygg gjerne omsorgsheime på ein stad med kort veg til både indre- og ytre Herøy.



### 10. Catrine Kopperstad (47)

Er busett på Nerlandsøy. Ho er uføretrygda.

Mi hjartesak er at det skal vere eit godt kollektiv transporttilbod for unge og eldre rundt om i kommunen, også i ferietida.



### 11. Hege Flusund Beddari (51)

Er busett i Fosnavåg og jobbar som miljøarbeidar i Herøy kommune.

Eg vil kjempe for auka trafikksikkerheit i kommunen. Her skal det vere trygt både for born, ungdom og vaksne.



### 12. Tage Beddari (56)

Er busett i Fosnavåg. Han jobbar som miljøarbeidar i HERO Norge ved EMA Fosnavåg.

Store delar av kystlandskapet vårt er no skjemd av store vindparkar, eigde av utanlandske selskap. Eg vil arbeide for at vindturbinar ikkje skal verte bygde i vår kommune.



### 13. Elisabeth Måløy (35)

Er busett på Leikong. Ho er student og har ei deltidstilling hos Arbiro AS.

Mi fanesak er at levande bygder treng gode barnehagar og skular. Det tilbodet har vi i Leikongbygda, og det vil vi ikkje miste.



### 14. Oddbjørn Åkerøy (55)

Er busett på Myklebust og jobbar som kokk/matros hos Aspire Norway AS.

Kommunen må legge til rette for at alle tilsette som vil ha heiltidsstillingar, får ein høgast mogeleg stillingsprosent.



## INP ønsker utvikling, ikkje avvikling

INP er eit sentrumsorientert og distriktsvenleg parti.

INP har eit godt og viktig partiprogram, ikkje berre for delar av landet, men for heile Norge.

INP har som eit viktig mål å skape eit samfunn som er godt å leve i for alle – frå fødsel og til livets slutt.

Herøy INP skal alltid arbeide for at du som innbyggjar – uavhengig av politisk oppfatning – skal verte høyrd, og at du skal ha innflytelse på viktige avgjerder.

Herøy INP meiner dei følgende tre områda er sentrale for ei god utvikling i Herøy:

### Arbeidsplassar

### Helse og omsorg

### Born, barnehage og skule

Vi håpar du vil gje di stemme til INP ved valet 2023!

Du kan få meir informasjon om partiet her  
[www.inpartiet.no](http://www.inpartiet.no)

## Vi er det nye partiet i Norge og i Herøy!

Vi kunne sikkert ha gjort som andre parti gjer og lova bort gull og grøne skogar i eit forsøk på få nokre ekstra stemmer, men det er ikkje heilt i rette INP-ånd. Vi står ved at vi skal vere eit ansvarleg parti og då er det viktig å ikke love meir enn det vi kan stå inne for.

Herøy kommune har mange viktige utfordringar i tida framover, og dette er dei sakene som vi i **Herøy INP** meiner er viktigast å jobbe for:

### Arbeidsplassar

- At Herøy skal få fleire arbeidsplassar innanfor ny teknologi for å unngå at konjunkturendringar og anna utvikling råkar tradisjonelle bedrifter. Ei slik satsing vil også bidra til at unge med høgare utdanning finn det attraktivt å flytte til Herøy etter fullførte studiar.
- At politikarane skal sjølv ta hand om arbeidet med å legge forholda til rette for bedrifter som vil etablere seg. Dette er for viktig til at det berre kan overlastast til eksterne konsulentar.
- At det vert skaffa nye statlege arbeidsplassar til ytre søre Sunnmøre, og helst til Herøy.

### Helse og omsorg

- At vi styrker eldremosorga. Åtvaringane har vore mange, og i dag har Herøy eit etterlep på dette området. Vi må få auka talet på faste plassar og korttidsplassar ved omsorgsheimane. I dag har vi altfor få av desse, noko som fører til at hjelpetrengande vert sende heim for tidleg.

- At det snarast vert bygd ein ny omsorgsheim på ein stad i kommunen der beboarane har god utsikt til havet og fjella. Vi vil prioritere å bygge andre stadar enn på Eggesbønesmyra!

-At Herøy kommune skal styrke satsinga innanfor psykisk helsevern. Dét vil definitivt vere eit viktig bidrag for å betre folkehelsa i kommunen vår.

### Born, skule og ungdom

- Å styrke studieltilbod som tilfører næringslivet og industrien framtidsretta kompetanse. Kommunen skal få fylket med på vidare styrking av TAF-tilbodet ved Herøy vidaregåande skule, og at fylket startar planlegging av nytt skulebygg. Det må også opprettast nye utdanningslinjer, til dømes innanfor reiseliv.

- At kommunen skal legge til rette for at eksisterande barnehagetilbod og skular rundt om i krinsane skal oppretthaldast i si noverande form og ha minst det aktivitetsnivået som dei har i dag. Bygging av nye skular er viktig, men bør ikkje føre til at andre skular vert ein salderingspost.

- At kommunen løyver fleire startlån til ungdom.

- At det det må rekrutterast nok utdanna lærarar til skulane i Herøy. Dette er ei svært viktig satsing.

### Industriområda våre

**Herøy INP** meiner at no må ein satse sterkare på indre Herøy, og at Dragsund industriområde må utviklast til å verte eit attraktivt område for alle kommunane på ytre søre Sunnmøre.

Å måtte køyre heilt til Hovdebygda og ofte vente etter måten lenge på å få treffen til en lege, er forkasteleg. **Herøy INP** vil snarast søke samarbeid med dei andre partia i kommunen for å gå i dialog med andre kommunar. Det må vere eit mål å snarast etablere ein felles interkommunal legevaktsentral i Dragsund for Hareid, Ulstein, Sande og Herøy.

### Vår felles velferd

Det skal ikkje koste meir å bu i Herøy enn i kommunar ein kan samanlikne seg med. Kommunale avgifter skal vere til sjølvkost.

**Herøy INP** vil aldri stemme for å innføre eigedomskatt

**Herøy INP** er motstandar av formueskatt på arbeidande kapital. Denne skatten øydelegg industriell satsing og hindrar etablering av nye og viktige arbeidsplassar.

**Herøy INP** vil at vi skal redusere byråkratiet i kommunen. Herøy skal satse på tilsette i operative stillingar, og ikkje i leiar- og mellomleiarstillingar.

### Veg, infrastruktur og farleider

**Herøy INP** ønsker fortgang i arbeidet med planlegging av ny vegløysing til Remøy.

Vegsambanda i kommunen må utbetraast, spesielt med tanke på å auke sikkerheit for dei mijuke trafikantane.

**Herøy INP** vil arbeide for at Fosnavåg hamn og andre forureina område i kommunen skal reinskast opp. Men opprensing av forureining i hamner eiga av Kystverket, er ei statleg oppgåve. Staten må derfor bidra med det som skal til for at Norge skal få hamner som ikkje er forureina.

Sikkerheit langs kysten er viktigare enn samfunnsøkonomiske utrekningar som er laga i hovudstaden. **Herøy INP** synest det er ei skam at Stad skipstunnel ikkje er bygd for fleire år sidan.



### INP SENTRALT VIL:

- Stoppe utbygging av vindkraftverk både på land og til havs.
- Att alle ferjesamband vert ein del av det norske vegnettet, og at drifta vert lagd under samferdselsdepartementet.
- Halde folkerøysting i alle saker der Norge kan risikere å miste sjølvråderett.
- Straks rette opp i reduksjonen i pensjonar i samband med 0,75 formelen. Pensjonane skal regularast tilsvarende den generelle lønnsutviklinga i offentleg sektor. Og det skal reknast attende til 2015.
- Innføre lågare meirverdiavgift på primærvarer som mat, drivstoff og klede.
- Fjerne meirverdiavgifta på straum og nettleige.
- Fjerne bompengefinansiering av vegutbygging.
- Utvikle turistnæringa på ein sunn og god måte. Og i vår kommune er det særskilt viktig at vi får villcamping inn i organiserte former.

### Til slutt;

#### Norge mister gradvis sjølvråderetten

Ved å nytte den allmenne traktatregelen, i staden for den særskilde heimelen for suverenitetsoverføring, kan det sjå ut som at våre etablerte politiske parti, regjering og storting brukar nesten aldri Norge sin særskilde «heimel for suverenitetsoverføring» og at derfor skjer det ei gradvis overføring av Norsk suverenitet, til EU.

Og EU sitt overvakingsorgan, ESA, grip stadig inn med sine krav og pålegg. Det gjeld alt fra emballasjeavgift, energi-sparetiltak, etablering av fotballanlegg, industrikraft, arbeidsgivar-avgift, alkoholreklame og utdanningsstilbod.

Vi har allereie sett følgene av ACER, og no har og EU laga klart eit bygningsdirektiv dei neste 7-10 åra påføre meir enn 65 % av norske huseigarar ein ekstrakostnad på mellom 500.000 og 1.5 millionar kroner.

Og i juni i år gjekk EU til frontalangrep på Norge fordi dei vil ha auka tilgang til å fisk i Norsk sone. Kampen for å bevare full kontroll over våre nasjonale fiskeressursar, den vil INP ta.

#### INP seier nei til EU-medlemsskap!

#### Vi vil seie opp EØS-avtalen og i framtida heller nytte EFTA-avtalen!

Du kan lære meir om fanesakene våre her!  
[www.inpartiet.no](http://www.inpartiet.no)

